

Sissel Smørdal

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/4833 - 14/12688

Saksbehandlar:

Siril Therese Sylta

Siril.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:

23.05.2014

Tilbakemelding vedkomande spørsmål i diverse e-postar - gbnr 134/477 Hilland

Viser til diverse e-postar vedkomande bustadane på gbnr 134/477, bustad 22-25 og andre forhold i felt 6.

Vi vil her forsøke å gje tilbakemelding på ein del av dei spørsmåla du har tatt opp med oss i dine e-postar.

Bustad 22-25:

- Når det gjeld overvatn for bustadane er det i søknaden kryssa av for at overvatn skal gå til terreng, jf. rammesøknaden motteken her 21.09.2011.
- Når det gjeld overvatn for vegar m.m i feltet er dette vist i søknad om vass- og avløpsplanen for feltet. Dette gjeld då ikkje dei einskilde bustadane.
- Når det gjeld parkering for desse bustadane, er den etter reguleringsplanen vist parkering i parkeringsgarasje P4 for 22-25. I samband med søknad om ferdigattest for 22-25 er det sendt inn tinglyst erklæring på at bustad 22-25 har parkeringsrettar i garasjeleg P3. Dette er godkjent for å sikra at parkering for desse bustadane er mogeleg fram til parkeringsanlegget i P4 er oppført.
- Når det gjeld PS2 er dette ein del av utomhusplanen, og er ikkje med i sjølve handsaminga av byggesakene for bustad 22-25. PS2 er eit av dei tiltaka som skal etablerast i samband med utomhusplanen for feltet.
- Når det gjeld gangvegar i feltet er også desse ein del av utomhusplanen, som er ein eigen sak.
- Når det gjeld hus 25 viser du til at denne er ein 5 roms utan godkjenning. Kva denne bustaden er solgt som er eit forhold som er mellom selgar og kjøpar.
 - Det vart søkt om endring av planløsning for bustad nr. 25 i søknad motteke her 12.06.2013. Det vart gjeve løyve til endring i vedtak datert 02.07.2013.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



- For øvrig er det i søknadane ikkje søkt om dispensasjon frå teknisk forskrift, slik at prosjektering og utføring skal skje i samsvar med Teknisk forskrift (TEK10).
 - Prosjektering og utføring er det dei ansvarlege føretaka som har ansvarsrettar innanfor desse områda som står ansvarleg for.

Bustad 17-21:

- For bustad 17-21 er det gjeve ferdigattest for sjølve bustadane i vedtak datert 25.04.2014.
- Når det gjeld parkering for desse bustadane er det i følgjebrev til søknad om ferdigattest vist til at det skal etablerast mellombels plass for søppel, post og parkering for bustadane på 17-21. I søknad om ferdigattest er det kun vist til at det er murkant langs kommunal veg og veg 8 som er under ferdigstillelse. Dei øvrige tiltaka skal då vere på plass.
- Etter fleire synfaringar på staden har byggesak registrert at mellombels plass for søppel, post og parkering for bustadane 17-21 ikkje er etablert. Dette er forhold som vert tatt opp med ansvarleg søkjar/utbyggjar.

Utomhusplan:

- I dette feltet er det oppretta ein eigen sak som gjeld utomhusareala. Dette gjeld veg 11, areala avsett til gangvegar, felles leik, felles grøntareal, felles oppstillingsplass for post/søppel. Status her er at det er gjeve rammeløyve for utomhusplanen. Her er det nyleg meldt frå ansvarleg søkjar at søknad om igangsetting for utomhusplanen vert sendt inn denne veka.

Det har vore fleire møter og synfaringar i feltet i forhold til å få på plass det gjenstående arbeidet, og byggesak sitt klare føremål er å få dette ferdigstilt snarast mogeleg. Dette er ein sak som byggesak følgjer opp i forhold til ansvarleg søkjar/utbyggjar.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konstituert fagleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Avtale og samsvarserklæring (L)(48753)

Endringsløyve for bustad 22-25 - gbnr 134471 Hilland (L)(46531)

KartTeikningar - gbnr 1344 Hilland - Felles VA-anlegg (L)(271535)

Mellombels bruksløyve - gbnr 1344 Hilland - Felles VA-anlegg (L)(96319)

opplysningar tiltak (L)(178279)

Rammeløyve på vilkår - bustad i rekkje med 4 bueiningar - gbnr 134471 Hilland - Bustad 22-25 (L)(157379)

Søknad om endring av gitt løyve - gbnr 134471 Hilland - Nybygg bustad 22-25 (L)(48791)

Teikningar (L)(48795)

Kopi til:

Advokat Per Kjetil Stautland AS

Mottakarar:
Sissel Smørdal